

- Velkommen til Husnes!

12.03.2009



Bringedalsbygda - til Uskedalen eller Husnes? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Skal elevane ved Bringedalsbygda skule overførast til Underheim på Husnes eller til Uskedalen hvis det blir aktuelt å leggja ned skulen?

Dette er eit av dei aktuelle spørsmåla når skulestrukturutvalet no nærmar seg ein endelege konklusjon. Den blir trukke i møtet den 19. mars og så blir saka sendt over til formannskapet.

Rektor Vidar Haugland i Uskedalen har overfor uskedalen.no gjeve uttrykk for at han ikkje har noko mening om sjølvé nedleggjings-saka fordi det er eit politisk spørsmål. Men han ønskjer elevane frå Bringedalsbygda velkommen hvis det blir aktuelt med overføring fordi ein større skule betyr ein betre skule, etter hans mening.

FAU-medlem Merete Moe Røssland ved Underheim skule seier no til Grenada at dei er opne for ein stor skule på Husnes og ønskjer det velkommen om det skulle bli aktuelt. Dermed er dei opne for ei eventuell samanslåing med Bringedalsbygda. Men FAU har har enno ikkje møst for å drøfta samanslåingar fordi dei vil venta til det eventuelt blir aktuelt.

Bringedalsbygda har ein stor skare tilhengjarar som engasjerar seg sterkt mot at skulen deira skal leggjast ned. Ellen Aakre seier at heile bygda står bak protestane og meiner det er djupt urettferdig at berre politikarane si sak skal bli høyrt.

Og når skular som til dømes Bringedalsbygda og Skarveland scorar godt på både trivselsundersøkjingar og nasjonale prøver, viser det at det ikkje er noko motsetnad mellom mindre skular og kvalitet, meiner Aakre.

Av Ola Matti Mathisen